



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 03.02.2015  
Vår ref.: 2015/438-4  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: 2014/140277-2

## Fråsegn til oppstart av planarbeid - Fv.57 Skodvin - Vågseidet - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 09.01.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for FV. 57 Skodvin- Vågseidet. Hovudføremålet med reguleringa er gang og sykkelveg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til veg. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. Nordlege del av den aktuelle vegstrekninga er ein del av den Trondhjemske postvegen som har nasjonal kulturminneinteresse. Postvegen er mellom anna med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for veger, bruer vegrelaterte kulturminner. For meir info sjå verneplanen som ligg på Statens vegvesen si nettside:<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Miljo+og+omgivelser/Nasjonal+verneplan/Objektene>. Vi kjenner per i dag ikkje til om det er intakte eldre delar av vegen att i dette området. Vi ber om at dette

blir belyst i planarbeidet, og at det blir teken omsyn til eventuelle eldre vegelement som kan knytast til postvegen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga, Transportseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Lindås kommune Kvernhusmyrene 20 5914 ISDALSTØ